

TORSDAGSTREFF 7. september 2023

Nok ein gong har [Buvik](#) pensjonistforening hatt eit vellykka Torsdagstreff på Tangen i Buvika. Nesten 50 pensjonistar fekk servert velsmakande og kjøttfull lapskaus frå Lykkja kro, med Kaffe/Te og søt brød. Underholdning denne gongen var ved Åsmund Snøfugl og Anders Stenseth.

Åsmund Snøfugl kåserte om frå Buvika til Jerusalem. Han hadde en fyldig gjennomgang av gard og bruk i Buvika – primært Saltnesgrenda, og endte opp med reise til Tel Aviv og Haifa og til slutt Jerusalem.

Trubadur Anders Stenseth underheldt på en lun måte med viser av Evert Taube, med Fridtjof Anderssons reiser som sjømann. Anders fortalte litt om visa mellom kvar gong han song. Veldig informativt. Fridtjof Andersson kan vera Evert Taube alter ego, noko Evert Taube nekta for. Ei av visene som Anders song er om korleis Fridtjof Andersson dansar tango med den søte Carmencita i byen Samborombon, frir til henne, men får nei. Men i ei anna vise møtast Fridtjof Andersson og Carmencita på nytt i Frankrike. God underholdning!



